

NON NISI TE DOMINE

Den nordisk-katolske kyrkja
biskop Ottar Mikael Myrseth

Kjære kristne,

Guds fred!

«*Lat Kristi fred rå i hjarto dykkar, for til det vart de kalla då de vart ein lekam.*» (Kol 3,15)

Fruktene av denne freden er medkjensle, godleik, audmjukskap, tolmod, tilgjeving, kjærleik og takksemd ifylgje apostelen.

Samtidskulturen dreg oss stadig mot å skulle vere sjølvbestemte og fristilte menneske. Men ekte fridom vinn vi gjennom å la oss binde til Han som både har skapt oss og frelst oss.

Det same gjeld for Kyrkja. Den nordisk-katolske kyrkja er liten i den store samanhengen. Vi voks fram i ein generasjon som søkte ein nedarva identitet, «*den tru som ein gong for alle er overgjeven til dei heilage*» (Jud 3). Di sterkare Kyrkja er bunden til Guds openberring, di friare er ho til ikkje å måtte gjere menneske til lags.

Kyrkjeleg statistikk er for tida lite lysteleg lesnad. Dei trufaste truande vert færre. Sekularisering vinn om seg, stridsspørsmål i samtida splittar kyrkjer og ny-liberale svar på utfordringane har lite suksess. Trenden i tida er at folket går sin eigen veg. Dette endrar tanke- og åtferdsmønstre i heile den vestlege verda. Difor må vi saman vende attende til kjeldene som både kristendom og kultur er runne av og fasthalde det C.S. Lewis kallar 'Mere Christianity'.

DNKK er ei sjølvstendig kyrkje som tilhøyrrer Scranton-unionen – ein fellesskap av gamal-katolske kyrkjer. Vårt kyrkjemotto lyfter fram den trusregelen kyrkjefaderen Vincent av Lerins formulerte: «*Berre det er sant katolsk som er trudd av alle, på alle stadar og til alle tider*». Denne forpliktar oss på kyrkja si historiske overlevering og peikar på ein felles veg vidare for kristne frå ulike kyrkjesamfunn.


Med dette utgangspunktet har vi ein tredelt visjon:

Å vekkje menneske til kristen tru, å hjelpe truande å overleve som kristen minoritet, å vise veg til den udelte Kyrkja si tru.

«*De er Guds utvalde, helga og elska av han*» (Kol 3,12). Eg formidlar denne apostoliske helsinga idag til alle eg er saman med på pilegrimsvegen. Måtte vi seie med apostelen Peter i møte med Herren Jesus: «*Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord.*» (Joh 6,68)

Alt godt i Kristus,

Oslo 11. oktober 2021
+ Ottar Mikael



NON NISI TE DOMINE

The Nordic Catholic Church

bishop Ottar Mikael Myrseth

Dear Christians,

Peace of God!

«Let the peace of God rule in your hearts, to which also you were called in one body.» (Col 3,15)
Fruits of this peace are tender mercies, kindness, humility, meekness, longsuffering, forgiveness, love and thankfulness according to the apostle.

Our current day culture pulls us ever more toward being selfdetermined and independent humans. But true freedom we win when we are bound to Him who both created us and saved us.

The same goes for the Church. The Nordic Catholic Church is small in the broad context. We grew up in a generation seeking an inherited identity, *«the faith which was once for all delivered to the saints»* (Jud 3). The stronger the Church is bound to Gods revelation, the more free she is not having to please men.

Church statistics is presently not particularly amusing reading. The faithful are decreasing in numbers. Secularism gains terrain, current conflicts split churches and the new liberal answers to the challenges have little success. The trend of our times is for people to go their own way. This has an enormous impact on the patterns of thinking and acting all over the Western world. Therefore we must return to the sources that both Christendom and culture have grown out of and hold on to what C.S. Lewis calls 'Mere Christianity'.

The NCC is an independent church belonging to the Scranton Union – a fellowship of old-catholic churches. Our church motto is based on the Regula fidei formed by the church father Vincent of Lerins: *«Truly catholic is only what is believed by all, everywhere and always.»* This is a commitment to the historic tradition of the Church, and shows a way forward for all christians from different churches.

From this base we hold a threefold vision:

Awaken people to Christian faith, helping believers survive as Christian minority, leading the way to the faith of the undivided Church.

«You are the elect of God, holy and beloved» (Col 3,12). I will pass on this apostolic greeting today to all who are with me on the pilgrimage. May we endorse the apostle Peters confession facing Lord Jesus: *«Lord, to whom shall we go? You have the words of eternal life.»* (John 6,68)

All the best in Christ,

Oslo, October 11th 2021

+ *Ottar Mikael*